



HAVLEIK 2008 på Færøyane

FÆRØYANE, desse 18 øyane ute i Atlanterhavet er fantastisk vakre. Den måleriske naturen med forrevne klipper, bratte fjell og grønne enger er ei sann perle for naturelskarar. Øyane sitt fugleliv er eit kapittel for seg, for dei mange fjella gir framifrå yngleforhold for havfuglar. Det er sterke kulturelle og historiske band mellom Noreg og Færøyane. For norske folkedansarar er det stort å danse færøydans i lag med færøyingar og vi nordmenn blir tatt særst godt imot på øyane.

HAVLEIK PÅ FÆRØYANE 8.-12. JULI 2008 Førebels påmelding 15. november 2007

Sommaren 2008 er det nytt Havleik-stemne på Færøyane. Siste gong var i 2002 og mange norske folkedansarar hugsar dette Havleik-stemnet med stor glede.

Havleik er eit triveleg, lite og kompakt stemne med base i Torshavn. Det blir høve til å danse færøydans i lag med lokale dansarar, du kan gå på kurs der færøydansen blir presentert og du får godt høve til å oppleve den særmerkte naturen og det flotte fuglelivet. Tur til ei av dei andre øyane er med i programmet, kan hende får du også oppleve småkval-fangst.

Innkvartering er på skole i Torshavn, eller du kan tinge hotellrom. Det er gåavstand til alt som skjer i Torshavn. Det er færøydans og annan nordisk folkedans fleire stader i byen om kveldane. Du kan lese meir om dansetradisjonar og samversformer på Færøyane på <http://www.slaid-ring.fo/artikler/artkl-2.html>.

Informasjon om stemnet kjem i sommar på heimesida til Slaid Ring <http://www.slaid-ring.fo>. Det er stor interesse for å reise til Færøyane i 2008 frå norske dansarar og spelemenn, og det er sett ein kvote på 50 deltakarar frå kvart land. Reisa ordnar du sjølv, anten det er med båt frå Bergen, eller med fly.

PÅMELDING

All påmelding frå Noreg skal gå til Noregs Ungdomslag. **Førebels påmelding er sett til 15. november 2007.** Ein kan ikkje rekne med å få plass på stemnet etter den dato.



Færøyane (færøysk: Føroyar og tyder «saeøyane») er ei øy-gruppe som ligg i Atlanterhavet nord for Skottland. Øyane var tidlegare ein del av Noregsveldet, men har sia 1814 vore ein del av Kongeriket Danmark. Færøyane blei likevel allereie i 1709 administrativt lagt til Sjælland stift. Sia 1948 har øyane hatt indre sjølvstende, med to representantar i det danske Folketinget. Administrativt er Færøyane delt opp i seks sysl og 34 kommunar. Færøyane er ikkje medlem av EU, til tross for at Danmark er det.

Færøyane består av 18 øyar av vulkansk opprinnelse. Øygruppa har 50 000 innbyggjarar, derav 17 000 bur i hovudstaden Tórshavn, kalla opp etter den norrøne guden Tor. *Wikipedia*

Tilskipar er SLAID RING, den færøyske avtaleparten i NORDLEIK-samarbeidet



Har du spørsmål?
Ta kontakt med Folke Flateland på e-post folke@flateland.net. Han er NU sin representant i Folkedansutskottet i Nordleik.